

TYSNES KOMMUNE



REGLEMENT FOR STYREVERVREGISTERET

Vedteke i Tysnes kommunestyre 18. desember 2007

§ 1 Registrering av styreverv og økonomiske interesser m.m.

Tysnes kommune har vedteke å innføra registrering av styreverv, økonomiske interesser og liknande for medlemmer av kommunestyret, rådmann, etatsjefar og økonomisjef.

§ 2 Innhald i registeret

- 2.1 Styreverv i offentleg/privat eigde selskap/dotterselskap
- 2.2 Styreverv i interesseorganisasjon eller organisasjon som mottek økonomisk stønad frå kommunen
- 2.3 Løna arbeid/konsulentoppdrag som kjem i tillegg til vervet som folkevald/tilsett i kommunen
- 2.4 Næringsinteresser; fast eigedom og større aksjepost/eigardel o.a.

§ 3 Føring av vedlikehald av opplysningar i registeret

- 3.1 Registreringa skal gjerast seinast innan ein månad etter at kommunestyret har konstituert seg. Administrative leiarar skal registrerast seinast innan ein månad etter at samtykke er gjeve
- 3.2 Registreringa skal føretakast av dei personar som kommunen utpeikar som kontaktperson overfor KS. Registreringa skal føretakast i samsvar med rettleiing frå KS
- 3.3 Registeret vert ajourført to gonger pr kalenderår i samsvar med rutinar frå KS
- 3.4 Registrerte opplysningar er basert på samtykke frå den enkelte og er offentleg tilgjengeleg gjennom www.styrevervregisteret.no
- 3.5 Den enkelte registrerte kan på eitkvart tidspunkt velja å sletta sine opplysningar i registeret. Opplysningar om ein registrert person vil automatisk bli sletta etter fire år med mindre det er registrert ajourføring av personen sine opplysningar.

§ 4 Iverksetjing

Desse reglane trer i kraft 1. januar 2008. Første gongs registrering skal føretakast innan 31. mars 2008.